




Luster kommune

PLAN
FOR
ARBEIDS- OG TRENINGSSENTERET
(ATS)

Vedtøken i Luster kommunestyre i mte 14.04.99, k.sak 0042/99.



Luster kommune

Sak

Utval
Kommunestyret

Møtedato: 14.04.99
Saksnummer: 0042/99

PLAN FOR ARBEIDS- OG TRENINGSSENTERET I GAUPNE (ATS)

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
H.utv for undervisning og kultur	10.12.98	0065/98
H.utv for helsev. og sosial omsorg	04.02.99	0003/99
H.utv for undervisning og kultur	11.03.99	0012/99
Formannskapet	17.03.99	0047/99
Administrasjonsutvalet	06.04.99	0033/99
Formannskapet	08.03.99	0060/99
Arbeidsmiljøutvalet	06.04.99	0005/99
Kommunestyret	14.04.99	0042/99

%%%

SAMANDRAG:

Administrasjonsutvalet er samd med rådmannen si tilråding.
Arbeidsmiljøutvalet tek rådmannen si tilråding til følge.

...

Sak 0042/99

PLAN FOR ARBEIDS- OG TRENINGSSENTERET I GAUPNE (ATS)

Arkivsak

98/06304

Saksh.

Arkivkode

Reidulf Kjørsvik

146/F50/

Vedlegg:

1. Saksutgreiing
2. Plan for Arbeids- og treningssenteret i Gaupne (ATS), lagt fram i HUK-møte 10.12.98.
3. Uttale til planframlegget frå Lærarforbundet og Luster Kommunale Forening i fellesskriv av 28.01.1999.

Uprenta vedlegg: 1. Utskrift for sak 03/99 til hovudutval for helsevern og sosial omsorg i møte 04.02.99
2. Uttale til planframlegget frå KFO i skriv av 01.02.1999



**HOVUDUTVAL FOR UNDERVISNING
OG KULTUR SITT VEDTAK:**
Av 9 medl. møte 9.

Dato: 10.12.98

Samrøystes vedtak:

Som rådmannen si tilråding.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Dato: 10.12.98

- 1) Hovudutval for undervisning og kultur vedtek at framlagt plandokument datert 26.11.98 vert som førebels utkast til plan for Arbeids- og treningssenteret, sendt desse til uttale innan 01.02.1999:
Hovudutval for helsevern og sosial omsorg
Rådet for funksjonshemma i Luster
Luster lokallag av NFU
Luster Kommunale Forening
Lærarforbundet i Luster
Tillitsvaldforum i Luster kommune

- 2) Hovudutval for undervisning og kultur viser til at Arbeids- og treningssentert (ATS) iflg. Plan for pleie- og omsorgstenesta i Luster kommune, vedteken av kommunestyret under k.sak nr. 052/97 i møte 21.05.1997, er eit kommunalt tilbod som vert gjeve utifrå Lov om sosiale tenester.
Hovudutval for undervisning og kultur seier seg følgjeleg samd i den formulering av føremål med ATS som det er gjort framlegg om i ovannemnde plandokument.

Reidulf Kjørsvik
skulesjef

Særutskrift skal sendast:
m/kopi til:
Gaupne, den 14.04.99
Rett utskrift



FØREORD

I samband med «HVPU-reforma» som vart gjennomført frå 1.januar 1991, oppretta Luster kommune våren 1991 eit aktivitetstilbod for 8 psykisk utviklingshemma som anten hadde vore på institusjon eller heimeverande. Dette tilbodet fekk litt seinare namnet Arbeids- og treningssenteret i Gaupne (ATS).

I samband med gjennomføring av ny organisasjonsplan for Luster kommune, vart det administrative ansvaret for ATS frå 1.januar 1995 overført frå helse- og sosialetaten til den nye undervisnings- og fritidsetaten med hovudutval for undervisning- og kultur (HUK) som politisk styringsorgan.

Omlag samstundes vart det administrativt nedsett ei arbeidsgruppe til å utarbeide ei plan for ATS, og denne arbeidsgruppa hadde som medlemmer: Fung. skulesjef Magnar Holen, dagleg leiar av ATS, Anne Siri Olsen (sekretær) og helse- og sosialsjef Johannes Hauge.

Denne gruppa vurderte særleg spørsmålet om ei deling av ATS i ein aktivitetsdel og ein arbeidsdel - der ein tok sikte på at arbeidsdelen skulle verte godkjent som ei «ASVO-verksemd» med statlege investerings- og driftstilskot.

Noko av arbeidet til denne gruppa vart nytta som grunnlagsmateriale i Luster kommune sin søknad av 24.04.1997 til Fylkesarbeidskontoret om godkjenning av «ASVO-plassar» i Gaupne. - Dessverre førte ikkje dette fram.

Etter at det var definitivt avgjort at Luster kommune ikkje ville få statleg tilskot til «ASVO-plassar», tok ei administrativt nedsett plangruppe til med planarbeidet for ATS på nytt hausten 1997. Plangruppa vart samansett av skulesjef Reidulf Kjørsvik (sekretær), helse- og sosialsjef Johannes Hauge og vikar i leiarstillinga ved ATS, Gudny Nyløy.

Plangruppa sitt planframlegg vart av rådmannen sendt ut til høyring den 17.02.1998 - i det ein tok sikte på handsaming i formannskap/kommunestyre i juni-98.

Yrkesorganisasjonane - i det dei viste til Hovudavtalen - reagerte på planframlegget ved å krevje at planprosessen vart starta på nytt sidan dei tilsette gjennom sine tillitsvalde ikkje var representerte i plangruppa.

Administrasjonsutvalet i møte 30.03.1998 gjorde så følgjande vedtak:

I den situasjonen som har oppstått i arbeidet med plan for Arbeids- og treningssenteret (ATS), vert den administrative plangruppa, med skulesjefen som leiar, utvida med to representantar frå arbeidstakarorganisasjonane.

Utkast til plan for ATS skal leggjast til grunn for det vidare arbeidet.

Den utvida plangruppa har hatt desse som medlemmer:

Skulesjef Reidulf Kjørsvik (leiar/sekretær), helse- og sosialsjef Johannes Hauge, fung. dagleg leiar ved ATS, Gudny Nyløy - seinare Odd Atle Stegegjerdet, Anne Margrethe Vedvik (kommuneforbundet) og Hilde Kristoffersen Stølen (Lærarforbundet)

Gaupne 26.november 1998

Reidulf Kjørsvik



Innhold:

	Side:
Føreord	2
Tilrådingar frå plannemnda.....	4
1.0 Innleiing	6
1.1 Kommunen sitt ansvar.....	6
1.2 Oppretting av arbeids- og treningssenteret i Gaupne.....	6
2.0 Tidlegare planarbeid.....	7
2.1 Verksemdplan for Luster kommune.....	7
2.2 Samlokalisering av aktivitetstiltak for funksjonshemma.....	7
2.3 Plan for organisering av tilbod og tenester for psykisk funksjonshemma	7
2.4 Utviklingsprosjekt ved Arbeids- og treningssenteret.....	8
2.5 Samlokalisering av aktivitetstiltak for ulike brukargrupper.....	8
2.6 Plan for pleie- og omsorgstenesta i Luster (k.sak 29.11.95).....	8
2.7 Plan for pleie- og omsorgstenesta i Luster (k.sak 21.05.97).....	9
2.8 Arbeid med plan for ATS.....	10
2.8.1 Prosjektgruppa sitt arbeid pr. 1995.....	10
2.8.2 Arbeid for å få etablert ei ASVO-bedrift i Gaupne.....	10
3.0 Lov og rettar.....	12
3.1 Lov om sosiale tenester m.m.....	12
3.2 Lov om vaksenopplæring.....	12
3.3 Oppgåvedeling og delegering i Luster kommune.....	13
4.0 Arbeids- og treningssenteret (ATS) - Status pr. i dag.....	14
4.1 Føremål.....	14
4.2 Personalressurs.....	14
4.3 Brukarane ved ATS.....	15
4.4 Inntak av brukarar ved ATS.....	15
4.5 Aktivitetstiltak ved ATS i dag.....	16
4.6 Driftsutgifter.....	17
4.7 Rom- og arealtilhøve.....	18
5.0 Plan for ATS 1998-2003 - Utviklingsprogram.....	19
5.1 Føremål.....	19
5.2 Strukturering av ATS.....	19
5.3 ATS i høve til andre kommunale tilbod.....	20
5.3.1 Tilhøvet til Grandmo busenter.....	20
5.3.2 Tilhøvet til «arbeidsstovene» ved sjukeheimane.....	20
5.3.3 Tilhøvet til vaksenopplæringa i kommunen.....	21
5.3.4 ATS i høve til arbeidsmarknadsetaten og trygdeetaten.....	21
5.3.5 ATS i høve til Luster vidaregåande skule.....	22
5.3.6 ATS i høve til Luster Arbeidssenter A/S.....	22
5.4 ATS si etatstilknytning.....	22
5.5 Inntaksnemnd.....	23
5.6 Arbeidsdelen til ATS i tida framover.....	23
5.7 Personale.....	24
5.8 Lokalisering og rom-/arealbehov.....	25
5.9 Økonomi.....	26

Tilrådingar frå plannemnda

1. Føremål

Arbeids- og treningssenteret (ATS) i Gaupne skal ha som føremål å gje eit aktivitets-, trenings- og arbeidstilbod til ulike kategoriar yrkeshemma i Luster som har rett til full attførings-/uføretrygd eller økonomisk sosialhjelp. Psykisk funksjonshemma skal ha førerrett til tilbod.

Også habilitering/rehabilitering for arbeid i det ordinære arbeidslivet kan vere aktuelt.

2. Strukturering

Arbeids- og treningssenteret vert organisert i to delar, ein aktivitetsdel for dei svakast fungerande og ein arbeidsdel for yrkeshemma som over kortare eller lengre tid ikkje kan fungere i det ordinære arbeidsliv.

Arbeidsdelen bør differensierast slik at ikkje einskilde kategoriar yrkeshemma pga. identifikasjonsproblem vegrar seg mot å motta eit arbeidstilbod ved ATS.

3. Tilhøvet til andre tilbod

Arbeids- og treningssenteret og Grandmo busenter held fram som to sjølvstendige driftseiningar.

I einskilde tilfelle bør ein brukar ved ATS periodevis kunne få ein del av aktivitetstilbodet sitt ved aktivitetsavdelinga ved eit av omsorgssentera i kommunen.

Når ein brukar av ATS fyller 67 år, skal vanlegvis aktivitetstilbodet til brukaren gjevast gjennom kommunen si pleie- og omsorgsteneste.

I einskilde tilfelle kan det verte aktuelt at brukarar ved ATS får vaksenopplæring av tilsette i grunnskulen. Opplæringa kan også leggjast til ein av grunnskulane.

Avtalar mellom Arbeidskontoret og kommunen om arbeidstreningsopplegg for yrkeshemma vert vanlegvis å kanalisere og samordne gjennom ATS.

4. Etatstilknyping

Det administrative ansvaret for Arbeids- og treningssenteret i Gaupne held fram å liggje til undervisnings- og fritidsetaten - med undervisnings- og kulturutvalet som det politiske styringsorganet for senteret.

5. Inntaksnemnd

Som eit samråding- og tilrådingsorgan for helse- og sosialsjefen vert det frå 01.08.1998 etablert ei nemnd med desse medlemmene:

Helse- og sosialsjefen, leiar/sekretær

Skulesjefen

Dagleg leiar av ATS

Leiar av PPR-tenesta i Luster.

1.0 INNLEIING

1.1 Kommunen sitt ansvar

Ved lov av 10.juni 1988, gjeldande frå 01.01.1991, vart institusjonar m.m. under det fylkeskommunale helsevern for psykisk funksjonshemma (HVPU) avvikla, - og ansvaret for tiltak og tenester for psykisk funksjonshemma vart overført frå fylkeskommunen til kommunane.

Formålet med lova, jf. §1:

*« Å bedre og normalisere levkårene for mennesker med psykisk utviklingshemming. Å legge forholdene til rette for at personer med psykisk funksjonshemming så langt som mulig kan leve og bo selvstendig og ha en aktiv og meningsfylt tilværelse i fellelskap med andre.
.....».*

Frå 1991 har menneske med psykisk funksjonshemming i prinsippet dei same rettane som andre innbyggjarar i kommunen - og skal få sine behov for tiltak og tenester dekte av dei ordinære kommunale servicetenestene.

I samband med ovannemnde ansvarsreform vart kommunane pålagde å utarbeide **tiltaksplan** for kvar einskild psykisk funksjonshemma som høyrde heime i kommunen. Denne planen skulle dekkje den einskilde sitt behov for tenester og tilbod. - Desse tiltaksplanane danna så grunnlaget for ein **verksemdplan**, dvs .kommunen sin samla plan for utbygginga av tenestene til personar med psykisk funksjonshemming.

1.2 Oppretting av eit arbeids- og treningssenter i Gaupne

I verksemdplanen for Luster kommune, vedteken av kommunestyret 26.11.1990, er sysselsetting omhandla som ein viktig del av normaliseringa av livssituasjonen til menneske med psykisk funksjonshemming.

Alt i januar 1990 vart det starta eit dagsenter for 3 psykisk funksjonshemma i eit kommunalt bustadhus på Grandmo. - Dette tiltaket vart frå januar 1991 avløyst av eit arbeids- og treningssenter på Gaupnegrاندane der kommunen overtok Breheimsverka sin administrasjonsbygning. - Med mindre endringar er dette den bygningen som **Arbeids- og treningssenteret (ATS)** disponerer i dag.

Men denne planen avvik sterkt frå ovannemnde verksemdplan når det gjeld målsetjinga for arbeids- og treningssentert - i og med følgjande utsegn (jf. s.6):

«Hovudmålsetjinga til Arbeids og Treningssenteret er produksjon av varer og tenester for ein marknad.

Hovudmålsetjinga til senteret er ikkje til hinder for at ATS òg har andre føremål som individuell trening sosial trening og arbeidstilvenning».

I denne planen vert det også peikt på at iflg. arbeidsinstruks for miljøpedagogane kan desse også tilleggjast arbeidsoppgåver ved busenteret i Gaupne.

2.4 Utviklingsprosjekt ved Arbeids- og treningssenteret

Eit kursopplegg for heile personalet ved ATS vart gjennomført i 1992 med eksterne kurshaldarar - med hovudmålsetting: Skape eit felles grunnlag for samhandling i alle tiltak for gruppa psykisk funksjonshemma.

Kurset vart etterfølgt av eit utviklingsprosjekt der samtlege tilsette ved ATS deltok, - og der dei ga seg sjølv følgjande mandat: Utarbeide framlegg til organisering, brukargruppe, innhald og lokalisering. Sluttrapport for dette prosjektet vart oversend til helse- og sosialkontoret 05.04.1994.

2.5 Samlokalisering av aktivitetstiltak for ulike brukargrupper

I møte 23.06.1993, k.sak 93/0083: « Samlokalisering av aktivitetstiltak - Funksjonshemma» gjorde kommunestyret følgjande vedtak:

«Kommunestyret gjer vedtak om samlokalisering av arbeids- og treningssenteret og Grandmo aktivitetssenter pr. 01.08.94.....»

Næringsavdelinga vert pålagt eit ansvar i formulering av søknad om omgjerung av ATS til ei ASVO-verksemd - i nært samarbeid med helse- og sosialetaten.....»

Grandmo aktivitetssenter (for personar med psykiske lidingar) vart i samband med 1997-budsjettet avvikla frå 01.01.1997.

Med bakgrunn i negative signal frå fylkesarbeidskontoret vart det i 1993 ikkje sendt nokon søknad om oppretting av ASVO-verksemd i Gaupne. (Søknad vart seinare utarbeidd og sendt den 03.10.1995)

2.6 Plan for pleie og omsorgsteneste i Luster (k.sak i møte 29.11.95)

Hovudutval for helsevern og sosial omsorg nedsette i møte 10.06.1992 ei arbeidsgruppe - som ved eit utvida mandat - også skulle ta føre seg tenestetilbodet overfor psykisk funksjonshemma.

Kommunestyret vedtok i møte 23.06.1993, k.sak 93/0082 arbeidsgruppa sitt planframlegg datert 05.04.1993, - men her vert ikkje tenester overfor psykisk funksjonshemma eksplisitt nemnde

2.8 Arbeid med plan for ATS

I samband med ei omfattande omorganisering av administrasjonen til Luster kommune vart ansvaret for ATS frå 01.01.1995 flytta over frå helse- og sosialetaten til den nye undervisnings- og fritidsetaten (tidl. skule- og barnehagekontoret).

I førsteinstans av 1995 vart det administrativt oppnemnd ei arbeidsgruppe/prosjektgruppe til å lage ei utgreiing om ATS. Gruppen hadde som medlemmer:

Dagleg leiar av ATS, Anne Siri Olsen (sekretæt)
 Helse- og sosialsjefen Johannes Hauge
 Fung. skulesjef Magnar Holen

2.8.1 Prosjektgruppa sitt arbeid pr. 1995:

Denne prosjektgruppa hadde på forsommaren 1995 utarbeidd eit førebels «prosjektnotat» med følgjande framlegg:

1) ATS vert organisert i 2 separate avdelingar:

a) **Aktivitetsdel:**

- Stimulering/aktivitet for 8 yrkeshemma, av desse 3 med stort hjelpebehov
- Personale: 1 avd.leiar, 1 miljøped., 1 aktivitør og 2 assistentar (500 %)
- Budsjett: 1,3 mill. kr
- Arealbehov: 220 kvm

b) **Arbeidsdel:**

- Arbeidstilbod til 20 yrkeshemma - etter ein «ASVO-modell»
- Personale: 1 dagleg leiar, 1 produksjonsleiar, 40 % kontorhjelp, 5 arb.leiarar
- Budsjett: Ca. 2,4 mill.kr (ekskl. leige av prod.lokale)
- Arealbehov: 645 kvm ekskl. veddproduksjonshall og skur (580 kvm)

2.8.2 Arbeid for å få etablert ei ASVO-bedrift i Gaupne:

(ASVO= Arbeidssamvirke i offentlig regi)

Etter oppmoding frå fylkesarbeidskontoret vart søknad sendt 03.10.1995 om godkjenning av ei ASVO-verksemd i Gaupne med inntil til 28 plassar (jf. kommunestyrevedtak 23.06.1993). Søknaden vart følgd opp av skulesjefen med eit møte med fylkesarbeidssjefen m.fl. i desember 1995. Men noko uventa valde arbeidsmagnadsetaten å opprette ASVO-plassar i ein annan kommune i 1996.

Likevel, på grunnlag av ovannemnde prosjektgruppe sitt framlegg til «arbeidsdel» ved ATS, inviterte rådmannen fylkesarbeidssjefen og trygdesjefen ved Luster trygdekontor til eit drøftingsmøte i Gaupne 07.01.1997 der det frå Luster kommune si side vart argumentert sterkt for oppretting ASVO-plassar i Gaupne.

3.0 LOV OG RETTAR

Kommunen sitt ansvar og plikter overfor psykisk funksjonshemma - og eventuelt andre aktuelle brukargrupper ved ATS - følger av:

- Lov om sosiale tenester («Sosiallova»)
- Lov om vaksenopplæring («Vaksenopplæringslova»)

Merk:

Kommunen har ikkje nokon plikt til å syte for **arbeid eller arbeidstrening** for nokon. Dette er ei oppgave som ligg til den statlege arbeidsmarknadsetaten.

3.1 Lov om sosiale tenester m.v.

Vurdering og inntak av nye brukarar av Arebids- og treningscenteret (ATS) vert i dei aller fleste tilfelle i dag gjort med grunnlag i følgjande lovheimel:

«§ 4-2 Tjenester.

De sosiale tjenester skal omfatte:

- a) **praktisk bistand og opplæring til dem som har et særlig hjelpebehov på grunn av sykdom, funksjonshemming, alder eller av andre årsaker.**

.....»
Jf. også sosiallova § 4-3 og § 4-4

Vedtak iflg. Lov om sosiale tenester m.v. vert gjorde som enkeltvedtak etter folvaltningslova med fylkesmannen som klageinstans.

3.2 Lov om vaksenopplæring

« § 5 Kommunens ansvar.

.....»
Voksne som etter sakkyndig vurdering har særlig behov for spesialundervisning på grunnskolenes område, har rett til opplæring.....»

Lova gjeld personar over 20 år som pga. av psykisk funksjonshemming, sjukdom eller ulukke har behov for ny og grunnleggjande opplæring på grunnskulenivå.

Når det gjeld opplæring for psykisk funksjonshemma, uttalte departementet (KUF) i St.prp.nr. 1 (1990-91) s.45:

*«For psykisk funksjonshemma voksne må utgangspunktet for opplæringstiltaka vere det individuelle behovet, og siktemålet må vere det best moglege bidrag til meningsfylt liv og meistring av eigen livssituasjon.
Rett til opplæring «på grunnskolen sitt område» vil ikkje seie det same som at ein skal følgje det same undervisningsopplegget som for barn.
Opplæringstiltaka må sjåast i samanheng med bu- og arbeidssituasjon og deltaking i kulturaktivitetar i fritida.....»*

Vaksne som pga. av sjukdom eller ulukke treng ny grunnleggjande opplæring - t.d. logopedisk hjelp ved afasi - har rett til dette iflg. vakseopplæringslova.



4.0 Arbeids- og treningscenteret (ATS) - Status pr. i dag

4.1 Føremål

Som tidlegare nemnt , var hovudmålsetjinga ved gjennomføringa av «ansvarsreforma» frå 01.01.1991 «å betre og normalisere levekåra for psykisk utviklingshemma menneske».

I motsetnad til den grensesetjing mellom arbeid og aktivitetstiltak som vart presisert i kommunen sin verksemdplan (jf. s. 31), vedtok kommunestyret i møte 13.12.91 slik målsetjing for ATS i Gaupne (jf. s. 11 i dokument av 11.11.1991):

« Hovudmålsetjinga til Arbeids- og Treningscenteret er produksjon av varer og tenester for ein marknad.

I denne målsetjinga ligg og andre føremål som individuell trening, sosial trening og arbeidstrening/tilvenning»

Ved ATS har ein heilt frå senteret vart starta, lagt stor vekt på intellektuell trening, fysisk trening, sosial trening og arbeidstilvenjing - dvs. eit mest mogleg heilskapleg tilbod for den einskilde brukaren.

4.2. Personalressurs

1) Godkjende stillingsheimlar pr. 01.11.1998:

Dagleg leiar	100 %	stilling
Miljøpedagog.....	200 %	«
Arbeidsleiar.....	100 %	«
Miljøterapeut	100 %	«
Reinhaldar.....	26,67 %	«
Sum:	526,67 %	stilling

2) Andre personalressursar/ ekstraressursar:

Fram til 31.12.1997:

- «Mobile tiltaksmidlar» for 1 brukar - refundert av fylkeskommunen fram til 31.12.1997..... 50 % stilling
- Sysselsettingstiltak v/ Sogneprodukter fram til 05.12.1997 50 % «
- Personleg assistent for 1 brukar - dekt over sosialbudsjettet 80 % «

Frå 01.01. - 10.07.1998:

- Personleg assistent for 1 brukar - dekt over sosialbudsjettet..... 80 % stilling
- Mellombels stillingsressurs iflg. samtykke frå formannskapet..... 150 % «

Frå 27.06. 1998:

- Personleg assistent for 1 brukar - dekt over sosialbudsjettet..... 80 % stilling



Helse- og sosialkontoret er sekretariat for nemnda, og helse- og sosialsjefen kallar inn til møte.

Denne inntaksnemnda fungerer som eit tilrådingsorgan overfor helse- og sosialsjefen som gjer delegerte vedtak iflg. § 4-2 i Lov om sosiale tenester m.m. - og iflg. kommunen sitt delegeringsreglement. - Vedtak vert gjort som einskildvedtak iflg. forvaltningslova med fylkesmannen som klageinstans.

I tillegg til spørsmål om inntak av nye brukarar til ATS, skal også inntaksnemnda vere med og **evaluere** den einskilde brukaren sitt tilbod.

Brukarar ved ATS som har rettar iflg. §5 i vaksenopplæringslova får tilbod ved delegert vedtak av skulesjefen med departementet/Statens utdanningskontor som klageinstans.

4.5 Aktivitetstiltak ved ATS i dag

Ved oppstartinga av ATS kom mykje av aktiviteten til å dreie seg om «særskild vaksenopplæring på grunnskulen sitt område» iflg. Lov om vaksenopplæring. Følgjeleg vart det tilsett i 2,5 stilling personar med pedagogisk kompetanse (miljøpedagogar) - i tillegg til 100 % stilling som dagleg leiar .

Seinare vart miljøpedagogressursen redusert til 200 % stilling, - og for å styrke arbeidsdelen av aktivitetstilbodet vart 100 % stilling som arbeidslaiar oppretta

Heilt sidan starten har ein ved ATS lagt stor vekt på å gje brukarane mest mogleg meningsfylte praktiske arbeidsoppgåver, t.d. produksjon av leikebilar for sal.

I ein periode hadde ATS ein sær s omfattande og meningsfylt aktivitet med innsamling, sortering og pakking av avfallspapir - inntil SIMAS overtok dette fullt og heilt frå hausten 1997.

Frå 1995 har vedproduksjon - kapping, kløyving, pakking , lagring og utkøring - vore ein svært høveleg og allsidig fysisk arbeidsaktivitet for brukarane ved ATS. M.a. i samband med utkøring av vedsekker til kundar får også brukarane god sosial trening. Det er venta at ein i 1998 vil oppnå ein vedproduksjon på ca. 7000 sekker.

I løpet av 1998 har ein også fått i stand eit vaskeri ved ATS der ein tek i mot for reingjering arbeidskle, moppar m.m. Mykje tyder på at denne arbeidsoppgåva kan utvidast vesentleg i tida framover.

Siste året har også kantinesal, m.a. sal av vaflar og rundstykke 2 dagar i veka i kantina i Rådhuset, vorte ein fin aktivitet for fleire av brukarane - og eit kjærkome tilbod for kantine-brukarane.

I tida etter at vi måtte gje opp tanken om ei ASVO-bedrift i Gaupne - synest det som at tanken om å gjere brukarar ved ATS mest mogleg funksjonsdyktige for det ordinære arbeidsliv er vorten sterkare aktualisert og vektlagt

4.7 Rom- og arealtilhøve

ATS held i dag til i ein tidlegare kontorbygning på Gaupnegrandane på ca. 305 kvm. I tilknytning til denne bygningen er det oppført eit tak over eit uteområde der mesteparten av vedproduksjonen går føre seg.

Som ei mellombels ordning for vinteren 1997/98 fekk ATS nytte eit areal til vedproduksjon i det tidl. «Telenor-bygget» på nabotomta som kommunen har overteke til bruk for uteseksjonen til teknisk etat. - Vinteren 1998/99 kan det verte aktuelt å nytte verkstadhallen i eit av «yrkesskulebygningane».

Dessutan disponerer ATS ein lagerbygning (tidl. Gaupne Trelastlager) i nærleiken av Gaupne skule til lagring og tørking av ved.

5.3 ATS i høve til andre kommunale tenestetilbod

5.3.1 Tilhøvet til Grandmo busenter

Så tidleg som i 1991 vart det i «Plan for tilbod og tenester for menneske med psykisk funksjonshemming» påpeikt at det måtte vere eit nært samarbeid mellom tilsette ved ATS og tilsette ved «heimen til brukarane».

Utifrå normaliseringstanken har ein vore oppteken av at også psykisk funksjonshemma skal oppleve eit skilje mellom bustad og arbeidsstad. Dette kjem i dag til uttrykk ved at både administrativt og personalmessig fungerer ATS og Grandmo busenter som to separate driftseiningar.

Truleg vil - som no - dei fleste av dei som har Grandmo busenter som permanent bustad, vere personar som får eit aktivitetstilbod inkl. trening i daglege gjeremål ved ATS. Det er grunn til å tru at ei sterkare samordning av tilboda ved ATS og busenteret vil styrke kvalitativt på tilbodet til desse brukarane.

I nokre tilfelle kan det også verte aktuelt å nytte bustadeiningar i Grandmo busenter som «trenings-bustad» for funksjonshemma som flyttar heimanfrå - og som tek sikte på å få seg ein ordinær bustad seinare.

Arbeids- og treningssenteret (ATS) og Grandmo busenter held fram som to sjølvstendige driftseiningar.

5.3.2 Tilhøvet til «arbeidsstovene» ved sjukeheimane

Ved omsorgssentera (sjukeheimane) i kommunen har ein i dag godt tilrettelagde aktivitetsrom med velkvalifiserte aktivitørar.

Dei bør vurderast i ein skilde tilfelle om ein brukar av aktivitetstilbodet ved ATS kan få eit meir adekvat tilbod ved aktivitetsavdelinga ved eit omsorgssenter enn det ATS maktar å gje.

I ein skilde tilfelle bør ein brukar ved ATS periodevis kunne få ein del av aktivitetstilbodet sitt ved aktivitetsavdelinga ved eit av omsorgssentera i kommunen.

Når ein brukar av ATS fyller 67 år, skal vanlegvis aktivitetstilbodet til brukaren gjevast gjennom kommunen si pleie- og omsorgsteneste.

5.3.5 ATS i høve til Luster vidaregåande skule

ATS og Luster vidaregåande skule har ved fleire høve hatt eit samarbeid. Dette samarbeidet bør vidareutviklast sidan fleire elevar ved denne skulen i åra framover truleg vil verte brukarar ved ATS etter avslutta skulegang.

Etableringa av «**Praktisk klasse**» ved Luster vidaregåande skule frå hausten 1998 kan opne for fleire samarbeidsprosjekt mellom skulen og ATS.

5.3.6 ATS i høve til «tilretteleggjargruppa» i Luster

Etter oppmoding frå fylkesarbeidssjefen - og etter særskild løyve frå Arbeidsdirektoratet - har Luster kommune oppretta frå hausten 1998 eit kommunalt aksjeselskap - Luster Arbeidssenter A/S - som tiltaksarrangør for ei såkalla «tilretteleggjargruppe» for arbeidsmarknadstiltaket «Arbeid med Bistand».

«Tilretteleggjarane» i denne gruppa skal utifrå tiltaksmodellen «Arbeid med Bistand» prøve å få yrkeshemma heilt eller delvis plasserte i ordinært arbeid.

Ein tek sikte på at det vert etablert eit nært samarbeid mellom Luster Arbeidssenter A/S, Luster vidaregåande skule og ATS.

5.4. ATS si etatstilknyping

I samband med omorganiseringa i Luster kommune pr. 01.01.1995 vart det administrative ansvaret for ATS flytta frå helse- og sosialetaten til den nyetablerte undervisnings- og fritidsetaten.

Overflyttinga av ansvaret for ATS vart særleg motivert utifrå vektlegginga av vaksenopplæringsverksemda ved senteret. - Ved oppstarten av ATS i 1991 og ei tid framover var «særskild vaksenopplæring» ein dominerande aktivitet ved ATS. - I dei siste åra har meir og meir av aktiviteten ved ATS fått karakter av aktivisering og arbeidstrening.

Inntak av nye brukarar og utarbeiding av tiltaksplanar for brukarane har i dei siste åra vorte gjennomført iflg. Lov om sosiale tenester m.v.

Det må likevel understrekast her at **pedagogisk kompetanse** framleis er og vil vere svært viktig for å trygge kvaliteten på det tilbodet brukarar av ATS får, jf. § 5-2 i Opplæringslova..

ATS skal i tida framover prøve å gje tilbod til alle kategoriar yrkeshemma i Luster, t.d. rusmiddelmissbrukarar og menneske med psykososiale problem. Mange av desse vil på eit tidlegare tidspunkt søkje/motta sosiale tenester gjennom helse- og sosialetaten.

I dag fungerer det slik at helse- og sosialsjefen har delegert mynde til å ta inn nye brukarar ved ATS, vurdere ressursbehovet - og vedta når eit tilbod ved ATS skal opphøyre. Etatsjefen for undervisnings- og fritidsetaten har derimot det økonomiske ansvaret for drifta av ATS og personalansvaret. Det kan virke som dette er ei urasjonell oppgåvedeling.

5.7 Personale

Personalressurs i dag , jf. pkt. 4.2:

ATS har pr. i dag **11 brukarar** og nyttar ein stillingsressurs på **606,67 %** inkl. leiar og reinhaldar, - dvs. ein stillingsressurs på 480 % direkte overfor brukarane - som gjev ein **personalressurs på 43,6 % pr. brukar.**

Personalbehov i tida framover:

ATS har no 11 brukarar, men vil truleg i nær framtid få brukarar 1-2 psykisk funksjonsshemma som no er elevar i den vidaregåande skulen. Behovet for tilbod til andre kategoriar i yrkeshemma i Luster er ikkje kartlagt, men truleg gjeld dette til kvar tid ei gruppe på 10 - 15 personar.

I tida framover vil ein prøve i størst mogleg grad å hjelpe yrkeshemma til å få sine arbeidstilbod i kommunale eller private verksemdar. Tilsette ved ATS vil derfor - i større grad enn no - fungere som **tilretteleggjarar** i eit opplegg likt arbeidsmarknadsetaten sin tiltaksmodell «Arbeid med Bistand».

Utifrå ovannemnde må bemanninga ved ATS no vurderast på grunnlag av behovet pr. i dag. Men personalbehovet må vurderast meir eller mindre kontinuerleg - og oftast i samband med inntak av nye brukarar/brukargrupper eller når tilbod ved ATS opphøyrer for ein eller fleire brukarar.

I samband med ei slik ressursvurdering må også ein vurdere kva **kompetanse** som bør styrkjast ved ATS. Aktuell kompetanse for miljøterapeutar som ein i dag ikkje har ved ATS, kan t.d. vere stilling for barneverbspedagog, sosionom og musikkterapeut.

Med noverande aktivitet og noverande brukarar av ATS vert ein **personalressurs på 1: 2,5** (ca. 40 % stilling pr. brukar) vurdert som tilfredsstillande. For 11 brukarar svarar dette til ein stillingsressurs på 440 % ekskl. administrasjon og reinhaldar, dvs. totalt **566,67 %**

Arbeids- og treningscenteret (ATS) får følgjande bemanningsplan gjeldande 01.01.1999:

<i>Dagleg leiar.....</i>	<i>100 % stilling</i>
<i>Avdelingsleiar/ arbeidsleiar.....</i>	<i>100 % «</i>
<i>Miljøterapeutar inkl. miljøpedagogar.....</i>	<i>240 % «</i>
<i>Miljøarbeidarar/ aktivistar.....</i>	<i>100 % «</i>
<i>Reinhaldar.....</i>	<i>26,67 %</i>
<i>Sum:</i>	<i>566,67 % stilling</i>

Stillings- og lønnplassering vert iflg. «Lokal stillingsstruktur for Luster kommune»

Merknader:

- 1) Reinhaldar:** Det bør vurderast om reinhaldaren kan inngå som ein del av miljøarbeidarpersonalet ved senteret - idet reinhaldet ved ATS vert å utføre som ein av aktivitetane for brukarane ved senteret.
- 2) Arbeidsleiar:** Stillinga vert omgjort til avdelingsleiar for **arbeidsdelen** til senteret.
- 3) Miljøterapeutar inkl. miljøpedagogar:** Stillingar med krav om minst 3-årig høgskuleutdanning Kompetansekrav vert vurdert ved vakanse/vikariat. Særskild arbeidsinstruks for miljøpedagog, vedteken av adm.utvalet 12.01.91, opphøyrer å for nyttilsette.

5.9 Økonomi

Det vert vist til pkt. 4.6

Ramme for driftsbudsjett for Arbeids- og treningssenteret (ATS):

■ *Godkjent ramme i 1998-budsjett inkl. 80 % miljoarb.stilling dekt over helse- og sosialbudsjettet: Netto driftsutgift 1.900.000 kr*

■ *Ramme for 1999-2000: Netto driftsutgift..... 1.900.000 kr*

■ *Ramme for 2001-2002 etter utviding av tilbudet for andre kategoriar brukarar:*
Netto driftsutgifter 1999-2000..... 1.900.000 kr
10 nye brukarar à 40 % still.ress. à 300.000 kr..... 1.200.000 kr
Auke i andre driftsutgifter..... 750.000 kr
Netto driftsutgifter pr. år..... 3.850.000 kr